



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2022

Onsdag 15.03.2023

Sakliste

1: Godkjenne dei som har stemmerett

2: Godkjenne innkalling og sakliste

3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka

4: Årsmeldingar

5: Rekneskap

6: Medlemskontingent

7: Organisasjonsplan

8: Val

Til Orientering:

- **Prosjekt steinlagt sti i lisjerøfsdalen**
- **Prosjekt aktivitetspark på notaplassen**

Årsmelding Syvde Idrettslag 2022

Styret har vore samansett slik:

- Leiar Karoline Lundås
- Nestleiar Lars Myklebust
- Kasserar Merete Vatne
- Styremedlem Frode Myrvoll
- Styremedlem Bjørn Erik Drage
- Styremedlem Ole Martin Brudevoll
- Styremedlem Per-Magne Sørdal

Vara medlemmar:

- Ole Jørgen Strand
- Monika Skår

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemnda har vorte leia av Torfinn Arnesen i lag med Ove Myrvoll.

Styret har hatt 3 styremøte. Samt sporadisk kontakt via messenger gruppe.

Idrettslaget har hatt 157 betalande medlemmar, pluss ein æresmedlem, totalt 158. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost- sms til medlemmane frå idrettenonline.

Styret har behandla desse sakene:

- Rehabilitering av løypetrase Øverberg skisenter. Vi fikk i 2022 innvilga tippelmidlar for å rehabilitere løypetraseen på Øverberg. Prosjektet starta opp hausten 2022. Og vil blir ferdigstilt iløpet av vår /sommar 2023.
Eikrem Maskin er entreprenør og Åge Sørdal har stilt opp som «annleggsleiar».
Arbeidet går ut på grøfting, nye stikkrenner og arodering av terreng.
- Det var ein dårleg sommar for merking av løyper. Noko arbeid vart likevel gjort, mellom anna rydding og merking av råsa opp Tåbråtet, og merking av råsa til tryggesteinen og mindre utbetringar andre stadar. Idrettslaget har også hatt opp Stikk Ut koder og merka stikkUt rutene som i 2022, var Høgenipa, Vikehornet, Brekkesvingen, Sarpen, Fløytevatnet og Hengebrua på Myklebust og Vassdalsbu som StikkUt skitur. Dersom du ser behov for merking av løyper set vi pris på beskjed om behovet eller hjelp til merking.
- Vi held fram med registrering på Georeg i Fjelltrimmen. Nytt for årets sesong er at alle som ynskjer å delta i fjelltrimmen må registrere seg via Georeg, Vi helde fram med å telle juniorar frå bøker dersom dei ikkje har Georeg.
- Styret har ønske om å legge til rette for skispor på ny-vegen rundt sætrevatnet. Vegen rundt vatnet vart ferdigstilt sommaren 2022. Dårleg vinter så langt har gjort at vi ikkje har jobba meir med løypekjøring her.
- Styret har drøfta moglegheiter for bygging av «pumptrack» i bygda.
- Styret har motteke forslag prosjekt med steinlegging av råsa i Lisjerøfsdalen.
- Styret har også mottat forslag til oppbygging av aktivitetspark/ utandørs treningspark i samband med notaplassen.
- Det har vore omtalt behov for auka aktivitet for barn og unge i bygda, styret ber om innspel frå årsmøte på kva som kan være av interesse å starte opp.

Styret vil takke for innsatsen til alle som har stilt opp i året som har gått. Takk til samarbeidspartar for sponsormidlar, tusen takk til alle som brukar av fritida si på dugnad for å skape trivsel i bygda vår. Spesiell takk til driftstyret på Øverberg for nok eit år med flotte skispor. Vi treng stadig fleire engasjerte for å skape aktivitet, ynskjer at folk som kan bidra med noko melder seg til styret.

BLÅFELDEN RETT OPP 2022



Blåfelden Rett Opp 2022 vart arrangert 11. juni med kraftige vindkast på toppen. I sentrum av Syvde var det meir sommarlege temperatur, men når ein nærma seg toppen, auka vinden og det vart betydelig kjøligere med lette regnbyger. For enkelte løperar vart det ein kald opplevelse og mange var snare ned att. På grunn av sterke vindkast fekk Team Blåfelden ikkje rigge målområdet med verken mål segl, telt eller beachflagg. To av balkongflagga forsvann utfor kanten i ei vindfuke.


37 stk. deltok i konkurranseklassa, noko som er av det dårlegaste deltakartalet vi har hatt. Det var dårleg oppmøte blant mosjonistane også, berre 58 stk. tok turen til Blåfelden. Stor takk til **Sofie Vik** som gjorde ein stor innsats med å rekruttere deltakarar i konkurranseklassa. To deltakarar starta utan sekk med 2,5 kg, og ein person måtte ha assistanse på toppen frå Team Blåfelden p.g.a. for lite kle.

Monica Solvang 45:30 og **Håvard Tonheim** 42:29 tok seieren i kvinne / herreklassa, på sin debut i Blåfelden Rett Opp.

VI fekk mannskap frå Vanylven Brann og Redning til å regulere trafikken og dei køyrde Brannbilen som ledebil foran deltakarane, noko som fungerte fint.



Eit fargerikt innslag i startområdet kan vi trygt kalle startaren, **Kjell Arne Myrvoll**. Utrusta med Davy Crockett hue, hjorteskinnsvest og muskedundre, fyrte han av startskotet og fekk løperane trygt avgårde.



Sekreteriatet vart leia av **Kristian Bentsen**, ansvarleg drikkestasjon **Kåre Vik** og **Atle Midtbø** var ansvarleg for målområdet og løpsansvarleg. Starter var **Kjell Arne Myrvoll** og speaker **Helge Svarstad**, løypesjef **Terje Eikrem**. Sponsor ansvarleg var **Per Magne Sørдал**.

- Atle Midtbø -

FJELLTRIMMEN 2022

Onsdag 30. november var det igjen tid for premieutdeling i Syvde IL sin fjelltrim 2021-2022.

Fjelltrimmen er totalt 12 postar, med 7 lange og 5 kortare turar i Syvdefjella. Av desse toppane er 5 over 1000 moh.

Årets fjellgeit-par vart Sølvi og Atle Midtbø. Sølvi vart soleklar vinnar med 1200 poeng og til saman 83 turar. Ho har gått mest turar til Vikehornet, Blåfelden, Ulvenakken og hennar favoritt, Lisjeblæja.

Atle har 750 poeng og totalt 48 turar. Flest turar har det vore til Vikehornet og Lisjeblæja.

Av juniorane har vi tre spreke vinnarar. Dette vart William Eikrem Nordmark, Sofie Ervik Røys og Hans Olav Nordal.

Det vart også trekt vinnar av Coop Hotellkupp til ein verdi av 1800,- . Den heldige vinnaren av hotellkuppet vart Sølvi Midtbø.

Vi gratulerer årets vinnarar og oppmodar samstundes alle til å knyte fjellsko inn i neste sesong.

Styret vil halde fram med merking og vedlikehald av rutene i fjelltrimmen.



Årsmelding Øverberg skisenter:

Det vart kjært 19 turar med trakkemaskina denne sesongen. Det vart kjært nokre få turar før jul i 21 og siste turen vart kjært 11. April i 22. Løypekøytinga vert logga med GPS i trakkemaskina og ein finn status for løypene på løyper.net

Trakkemaskina fekk litt service iløpet av sommaren, der blandt anna diesel systemet vart reingjort.

Rehabilitering av løypetraseen vart starta hausten 2022, etter vi fikk tilsagn på spelemidler for prosjektet. Vi har også fått 100 000 i teft midler frå Sparebanken Møre. Prosjektet har ei total ramme på rett under 600 000,- som er grensa for kva ein kan søke spelemidler for som «nærmiljøtiltak». Eikrem Maskin er entreprenør for jobben og Åge Sjørdal er engasjert som «annleggsleiar». Mesteparten av traseen frå parkeringa på Øverberg fram til gapahuken vart ferdig i haust, og arbeidet vil fortsette til våren.

Det har til no vore brukt 134 850,- eks. moms, til det som er utbetra.



Årsmelding uteTREning med puls

uteTREning med puls 2022

Vi er ein jamn fast gjeng som møtes tysdagar og torsdagar ute ved Myklebust skule. Uavhengig av vær og vind og temperatur, so trivast vi med treningane våre.

Alice og Trude har stort sett delt på å ha treningane iløpet av året, men har innimellom hatt Siv som vikar, vi håpar å få henne med på ledarsida iløpet av neste år. Vi er frå to til tolv deltakarar.

Rekrutteringa kunne vore betre, men vi har komt til at folk veit om treningane og dei er hjertelig velkomne til å delta. Øvelsane er styrkeøvelsar for heile kroppen, utført med strikk, kettlebells eller kroppsvekt. Vi har det utrolig kjekt og har ein herlig følelse i kroppen etter ei god uteTREnings økt

Mvh

Alice Stranden



Årsmelding Sykkelgruppa 2022

Syklistane i Syvde har hatt eit fint og aktivt år siste året. Som vanleg har det vore turar «rundt Hovda» og til Kleiva på Rovdestranda, og då vanlegvis med landevegssyklar.

Treningsturar på dei mange grusvegane i nærområdet med terrengsykkel er også mykje brukt. Noko blir lagt ut på messengergruppa slik at fleire vert med, og nokre syklar på eigahand. Onsdag kveld er vanlegvis brukt til sykling, når veret tillet det.

Sjølv om det er svært fint å sykle i Vanylven reiser vi også til andre delar av landet og til utlandet der det er fint å sykle. Nokre av oss har Birken som det faste målet for sesongen. Siste året var det 4 Syvdingar som gjennomførte Birkebeinerrittet (86 km) og vi kan nemne at Arild var berre 14 sekund frå å ta sitt første merke. Turbirken (41 km) er eit godt alternativ dersom ein synest Birkebeinerrittet vert litt langt. Nokre av oss valgte det i år og det kan virkelig anbefalast. Også her får ein den gode «Birkenstemninga» og kjem i mål ved Håkonshall slik som rittet.

Steinar Arne Nordal

Årsmelding IRONMAN 2022



Vi starta med fyrste treninga 5. januar, og har stort sett hatt trening kvar veke heile året med eit tre vekers opphald i juli.

Grappa er no på sju personer og vi har prøvt å rekruttere fleire utan at det lukkast. Vi er i gjennomsnitt 4 stk på trening.

Vi har vore mest i gymsal med styrketrening, men når våren kom vart det kombinert med sykkelturar. Sykkelturan gikk både på landeveg og med terrengsykkel på skogsvegane våre. Dette heldt vi på med utover sommaren, der vi varierte mellom gymsal og sykkel. Siste sykkelturen hadde vi 08.11. Vi fekk også nokre turar i Hesteråsa i løpet av året.

- Atle Midtbø -

**FRA VALGNEMNDA:
SYVDE IDRETTSLAG 2023**

STYRET			
Leiar	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	fmyrvoll@yahoo.no
Styremedlem	Oda Wærnes	47664216	odawar@hotmail.com
Styremedlem	Ole Martin Brudevoll	98892465	ombrudevoll@gmail.com
Styremedlem	Per-Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
Nestleiar	Lars Myklebust	99311748	Myklebust.lars@gmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Ole Jørgen Strand	97098940	Ole_j_strand@hotmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Kontaktpers.	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Kim Tony Røys		
	Bjørnar Magne Berge	48127779	Bjornar.berge@sibelco.com
ØVERBERGROND Å			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Tone Drage Sørдал	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com